

Breim Bygdeutviklingslag

v/Reiel Felde

6826 Byrkjelo

Byrkjelo 30.06.2009

### **Breim kraft – uttale om foreløpig utkast og krav til vidare utgreiing**

Norsk offentleg politikk har siste åra lagt auka vekt på verdiskaping av utmarksressursar. Småkraftutbygging med lokal eigarskap er blitt viktig verdiskapar for bygdene med noverande organisering og metodar. Grunneigarane og bygdene får større del av verdiskapinga. Og naturinngrepa er mykje mindre enn ved dei tidlegare store oppdemningsutbyggingane.

Breim Bygdeutviklingslag si erfaring med dei lokale kraftutbyggingane vi har sett nærare på til no er at ein gjennom grundige planprosessar har kome fram til fornuftige avveingar og gode løysingar.

**Vi er såleis i utgangspunktet positive til planane til Breim kraft. Men både av omsyn til storleiken på utbygginga og den sentrale plasseringa elva har i bygda krev dette prosjektet ekstra grundige utgreiingar.**

Vi syner til det opne folkemøtet i Breimshallen der utbyggerane og NVE orienterte og dei spørsmål og krav som der kom fram. Det galdt særleg minstevassføring, konsekvensar og avbøtande tiltak for fisket, massedeponi og alternativ plassering av kraftstasjonen i området Seime bru – Fjordhestgarden for å bevare elveosen i sin noverande form og funksjon. **For oss som eit utviklingslag for heile bygda er viktig å understreke at ulike alternativ og enkeltpunkt blir utgreia så grundig at det blir mogleg med semje om val av sluttløysing.**

Breim Bygdeutviklingslag framheva på møtet at vi i samband med bygdeutviklingsarbeidet har fått mange ynskje om betre tilgjenge langs elva. Ideelt sett at ein kunne fiske, gå og sykle, trille barnevogn eller rullestol langs elva heile vegen mellom bygdesentra Byrkjelo og Reed.

I den samanheng ser vi på tunnelmassen som ei positiv mulegheit til å bygge gang, fiske og sykkelsti langs elva til gagn for både fastbuande og tilreisande.

Vi peika og på at det i bygda sikkert også var andre prosjekt som kunne gjere nytte av tunnelmassen, og at det ville vere naturleg å ta kontakt med utviklingslaga, næringsorganisasjonar og frivillege lag og organisasjonar om dette.

**Vi ber difor om at alternativ bruk av tunnelmassen blir nærare utgreidd** som alternativ til dumping i Breimsvatnet eller lagring i Seimsstranda i den foreløpige utbyggingsskissa.

Breim Bygdeutviklingslag

Reiel Felde

(leiar)